

NVE

Vår ref
2021/1768-2**Dykkar ref****Saksbehandlar**
Sander Sælthun
47463218
sander.saelthun@lom.kommune.no**Dato**
22.09.2021

Fornyng av Fortun – Grandfasta-konsesjonen - tilleggsuttale frå Lom kommune etter synfaringane 7. og 8. september 2021

Under synfaringa 8. september vart deltakarane gjort merksam på at det vil bli gjennomført eit større arbeid med rehabilitering og forsterking av demningane i Fortun - Grandfasta-reguleringa, dette på bakgrunn av regelverk innført frå 2010 (*Damsikkerhetsforskriften*). Storevatnet i Lom kommune har ei reguleringshøgde på 26 m og eit magasinivolum på 109 mill m³. Dette magasinet er regulert ved ein mindre betongdam og to større fyllingsdammar med lengde ca 170 og 280 m. Det vart opplyst at damkrona på fyllingsdammane må hevast med 3 m, og med tilsvarande oppfylling av nedstrøms skråning mot damkrona vil det bli eit stort volum med stein/ fyllmassar som må tilførast demningane. Kommunen har ikkje fått informasjon om kvar massane skal hentast frå, men tidlegare har steinmassar blitt teke ut i opent dagbrot like ved Storevatnet. Dette området er eit sårbart høgfjellslandskap på grensa til Breheimen nasjonalpark, der eksisterande og nye inngrep medfører vesentleg redusert estetisk kvalitet. Området mellom Storevatnet og Sognefjellsvegen vest i Lom kommune er mykje nytta til friluftsliv, først og fremst fritidsfiske, i tillegg går DNT si vinterløype forbi her.

Tiltak ved Storevatnet for å legge betre til rette for utsetting av båt i området ved demningen/ enden av bilvegen vil vere positivt for utøving av garnfiske i vatnet.

Lom kommune vil elles peike på at i Hydros konsesjonssøknad frå 2017; tabell 5 – oversikt over bekkeinntak – manglar inntaket ved Spile i Lom (langs Storevassvegen).

På bakgrunn av dei nye opplysningane vil Lom kommune vise til den uttale og dei krav som er sett fram i kommunestyresak 7/2018, oversendt NVE 01.02.2018. Storevatnet er det klart største magasinet i Fortun - Grandfasta-reguleringa. Som følgje av opplysningane om planlagd ombygging og høgding av demningane her vil kommunen med dette forsterke kravet om næringsfond for å kompensere for dei ulemper og naturinngrep som reguleringa har medført sidan konsesjon vart gitt i 1957, og som vil bli påført i framtida ved ei fornyng av konsesjonen.

Kommunen legg til grunn at ny utrekning av konsesjonskraft og konsesjonsavgift blir basert på oppdatert statistikk for nedbør og avrenning.

Med helsing

Bjarne Eiolf Holø (sign.)

Ordførar i Lom kommune

Postadresse:Sognefjellsvegen 6
2686 LOM**Besøksadresse:**

Sognefjellsvegen 6

Org.nr: 959377677**Heimeside:** www.lom.kommune.no**E-post:** postmottak@lom.kommune.no**Telefon:** 61217300**Bankkonto:** 20850700010

Brevet er elektronisk og vert sendt utan signatur

Kopi til:

Frank Jørgensen, NVE